



# Trykkplasseringa i latinske lånord og partikkelverb i tre norske dialektområde

Eirik Tengesdal og Björn Lundquist

Denne artikkelen granskar sambandet mellom trykkplassering i latinske lånord (som *butikk*) og partikkelverb (som *gå ut*), der trykkplasseringa på fyrstestavinga eller sistestavinga varierer. Med di partikkelverb har ein del av variasjon som skriv seg frå innoomspråklege strukturelle faktorar, reknar me med at desse faktorane ikkje påverkar latinske ord i like stor grad. Ved å granska ikkje-syntaktisk variasjon i latinske ord, vonar me å forstå trykkvariasjon i partikkelverb betre. Med LIA og NDK granska me talarar frå fylka Trøndelag, Hedmark og Finnmark. Ingen av dialektane hadde ei kategorisk trykkplassering, men Trøndelag skilde seg ut med mest fyrstestavingstrykk både i latinske ord og partikkelverb. Hedmark hadde meir variabel distribusjon, med overvekt av fyrstestavingstrykk. Finnmark hadde berre sistestavingstrykk i dei latinske orda, men det var ganske jamt fordelt mellom fyrste- og sistestavingstrykk i partikkelverba. Fyrstestavingstrykk i partikkelverb, altså på verbet, var den klåre preferansen for alle områda utanom Finnmark, som syntest å ha ein blanda preferanse mellom trykk på verb eller partikkelen. LIA og NDK er velegna for prosodisk gransking.

Lykelord: korpuslingvistikk, latinske lånord, LIA-korpuset, NDK, partikkelverb, prosodi, trykkplassering, variasjon

## 1 Innleiing<sup>1 2 3</sup>

I dei nordgermanske språka finn me stor variasjon med omsyn til partikkelverb, både syntaktisk og prosodisk. Syntaktisk ser me ein kategorisk skilnad mellom svensk og dansk, som kjem til synes i at verbpartikkelen alltid er stilt føre eit direkte objekt i svensk (1), og etter eit direkte objekt i dansk (2), utan omsyn til om objektet er ein heil nominalfrase eller eit pronomen:

- (1) Vakterna kastade ut studenten/honom. (Sve)
- (2) Vagterne smed studenten/ham ud. (Dan)

I dei andre nordgermanske språka, framfor alt norsk, er partikkel-plassering med omsyn til objekt friare. I norsk er pronomielle objekt gjerne stilte føre partiklar (3), medan plassering av NP-objekt er meir variabelt. Trass variasjon, er der generelt ein preferanse for partikkel føre NP-objekt i norsk (sjå m.a. Aa 2015, 2), som i (4).

- (3) Vaktene kasta han ut. (Nor, Pron)
- (4) Vaktene kasta ut studenten. (Nor, NP)

---

<sup>1</sup> Me takkar to anonyme fagfellar for verdifulle tilbakemeldingar på ei tidlegare utgåve av denne artikkelen, og for nyttige innspel frå redaktørane Tor A. Åfarli og Gjert Kristoffersen. Me takkar au for innspela frå deltakarane på sluttseminaret for LIA-prosjektet 26.–27.11.2019. Med denne artikkelen vil me heidra professor Janne Bondi Johannessen, som var leiar for LIA-prosjektet. Me saknar deg, Janne. Tusen takk for alt! ET vart finansiert av NFR-prosjektet 250755, og BL vart finansiert av NFR-prosjektet 302524.

<sup>2</sup> Definisjonar: LIA: LIA norsk – korpus av eldre dialektopptak: <https://www.tekstlab.uio.no/LIA/korpus.html>

NDK/NDC: Nordisk dialektkorpus/Nordic Dialect Corpus (Johannessen mfl. 2009): <http://www.tekstlab.uio.no/scandiasyn>

<sup>3</sup> I denne artikkelen omtalar me ulike storleikar med liknande merkelappar. Ei rekkje fylke er frå 2018–2020 samanslegne, t.d. er Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag no samanslegne til Trøndelag (Regjeringen.no 2019). Trøndsk kan likevel omfatta meir enn mål som ein finn innom eit geografisk avgrensa fylke, m.a. reknar ein måla på Nordmøre som trøndske (Jahr 1990, 10).

Men ein finn variasjon i dette mønsteret: I visse dialektar, framfor alt i Trøndelag og Hedmark, finn ein ofte det «svenske» mønsteret, med både pronomen og NP-objekt etter partiklar (jf. 1), medan NP-objekt tolleg ofte er stilte føre ein partikkel i andre dialektar.

I norsk er det ikkje berre syntaksen som varierer i partikkelverba, men au prosodien. I austnorsk og trøndsk vert verb og partikkel ofte realiserte med hovudtrykk på verbet og samansetjingsaksent.<sup>4</sup> Dette skil seg sterkt frå t.d. svensk, der trykket ligg på partikkelen, og verbet ofte er heilt deaksentuert. I dei austnorske og trøndske dialektane finn me likevel fleire ulike aksentmønster hjå partikkelverb: iblant ber verbet trykk, og i andre fall ber både verb og partikkel eigne trykk. Me ser au dialektale preferansar for ulike mønster. I Tengesdal, Larsson og Lundquist (upublisert manuskript, 2021) ser me au at dialektar som har samansetjingstrykk på partikkelverb relativt sjeldan har element som står mellom verb og partikkel (jf. tabell 1, kategori 5–7). Det verkar med andre ord å finnast korrelasjonar mellom prosodi og leddstillingsmønster.

Me kjenner til fleire syntaktiske, semantiske og informasjonsstrukturelle faktorar som påverkar både partikkelplassering og partikkelprosodi, som me legg fram i avsnitt 3 (sjå au Aa 2015). I mange fall verkar både plassering og trykk å vera dels uføreseielege: Innom same dialektområde finn me eit variabelt trykkmønster i liknande syntaktiske kontekstar. Der finst i minsto to ulike mogelege forklaringsar på dette, anten finst der syntaktiske, semantiske og informasjonsstrukturelle faktorar som påverkar partikkeltrykk som me framleis ikkje kjenner til, eller so er variasjonen dels vilkårleg, og då mogelegvis kopla til sosiolingvistiske faktorar. Western (1921, § 454) nemner at samansetjingstrykk var folkeleg utbreidd, men at dette au vann gradvis meir grunn i den øvre middelklassen på tidleg 1900-talet. Ein kan au tenkja seg at talesnøggleik er kopla til den prosodiske fraseringa (sjå t.d. Tooley, Konopka og Watson 2018).

I denne artikkelen jamfører me trykk i partikkelkonstruksjonar med eit liknande variabelt trykkmønster: trykk på fyrste- eller sistestavinga i sokalla greko-romanske lånord (Fretheim 1969; heretter

---

<sup>4</sup> I resten av artikkelen omtalar me «hovudtrykk» som ‘trykk’.

omtala som ‘latinske ord’), som t.d. *inspirera* og *trafikk*. Flestalle norske dialektar har i dag trykk på sistestavinga i stammen i slike ord, men i framfor alt trøndske og til dels austnorske dialektar hamnar trykket på fyrstestavinga, og desse orda får då ei trykkplassering som er identisk med samansetjingsmønsteret hjå partikkelverb. For latinske ord kan me likevel vera visse på at det ikkje er semantiske, syntaktiske eller informasjonsstrukturelle faktorar som styrer variasjonen. Om me finn variasjon innom dialektar eller talarar som har variabelt trykkmønster i latinske ord, kan me vera visse på at i minsto ein del av variasjonen i trykkmønster i partikkelverb ikkje er kopla til innspråklege faktorar. Føremålet med denne artikkelen er fylgjande: (1) å systematisk granska kor stor variasjon der finst i trykkmønster i partikkelverb i tre norske dialektområde; (2) å granska om der finst ein liknande variasjon innom latinske ord, og (3) å vurdere om LIA-korpuset, saman med NDK, kan nyttast som eit verktøy for å granska variasjon og endring kopla til fonetikk og fonologi (her: trykk). I avsnitt 2 legg me fram nokre hovudspor innan norsk prosodisk gransking knytt til spørsmåla våre, etterfylgt av ei framstilling av forskingsspørsmål og metode, resultat og drøfting.

## 2 Samansetjingsaksent eller fraseaksent?

I dei skandinaviske språka ligg trykket i morfologiske samansetjingar til vanleg på den fyrste trykksterke stavinga til føreleddet, medan trykket i frasar ligg på den siste trykksterke stavinga (Kristoffersen 2003, 125–126). Partikkelverb har ofte typisk frasetrykk i mange norske dialektar, og au i svensk. I austnorske og trøndske dialektar hamnar derimot trykket ofte på den fyrste trykksterke stavinga, nett som i ei samansetjing. Liknande mønster finst au i fleire nordsvenske dialektar (kan henda finst der eit dialektkontinuum med Trondheim som episenter, som spreier seg sørover mot Oslo og nordaust mot austersjøkysten). Sandøy (1976, 13, 1985, 71) oppgjev dessutan at det same mønsteret med samansetjingstrykk gjeld vestover på Nordmøre og Romsdal. Western (1921, § 454) opplyser at dette mønsteret er vanleg i bygdemåla på Austlandet. I desse dialektane finn me ofte

trykk på fyrstestavinga i andre ord og kontekstar der me finn trykk på sistestavinga i t.d. dagsens standardsvensk, men au i vestnorske dialektar. Sandøy (1985, 71) opplyser dessutan at samansetjingstrykk kan nyttast i Indre Sogn, og dels i Stavanger om verb + partikkel ikkje omfattar meir enn to stavingar (jf. 7 i tabell 1). Abrahamsen (2003, 197) nemner at mønsteret finst på Sunnmøre. Skaalbones (2006, 52) fann varierende tonelagsskifte med trykk på verbet i Rana, i mindretalet av falla med verb + partikkel rett attmed, som ho tolkar som ein påverknad frå lågtonedialektar. Sjå Aa (2020, 52) for vidare drøfting.

I tabell 1 legg me fram eit hierarki av aksenteiningar, der me variabelt finn fyrstestavingstrykk i fastlandsskandinaviske dialektar. Hierarkiet skal lesast på fylgjande måte: Om ein dialekt tillèt trykk på fyrstestavinga i dei øvste kategoriane, so tillèt dei au trykk i alle kategoriar under. Til dømes: Alle dialektar som tillèt trykk på fyrstestavinga i monomorfematiske lånord, som *banan* og *tomat*, tillèt au fyrstestavingstrykk i polymorfematiske lånord (*stasjon*, *inspirera*) og partikkelverb. Svensk tillèt berre fyrstestavingstrykk på kategori 9 (jf. 'svart rödstjärt' (Sve), 'svartraud(<sub>1</sub>)stjert' (Nor)), medan dagsens austnorske bymål gjerne tillèt trykk frå nivå 6–7 og nedover, og vestnorske dialektar frå nivå 7–8 (samansetjingstrykk i partikkelverb ser

<i>Dømeord</i>	
1.	'banan, 'tomat (alle monomorfematiske lånord)
2.	'musikk, 'stasjon (tostava, potensielt komplekse ord)
3.	'inspirera, 'referera (-era-verb)
4.	'svarthest'n, 'nybil'n (modifiserande adjektiv + substantiv, i bundne kontekstar)
5.	'tok jo ut, 'ga itj bort (partikkelverb med lette adverb mellom verb og partikkel)
6.	'tok han ut, 'kjøpte ut (partikkelverb, med trykksvake pronomen mellom verb og partikkel, og fleirstava verb)
7.	'tok ut, 'skreiv opp (einstava verb fylgde av partikkel)
8.	Samansetjing 1: [grå[fluge-snappar]], [svart[raud-stjert]] (artsnamn med adjektivisk modifikasjon av komplekst hovud)
9.	Samansetjing 2: [ørken[steinskvet]], [gul-sporv] (substantivisk modifikasjon av komplekst hovud, adjektivisk modifikasjon av simplekst hovud)

Tabell 1: Hierarki over dialektal toleranse for fyrstestavingstrykk.

ut til å ha spreidd seg utover det austlandske området dei seinare tiåra, sjå Torp 1997).

Me reknar i denne artikkelen med at kontekstane over har noko sams, trass i at dei syntaktisk, morfologisk og leksikalsk skil seg åt kraftig. Utan å føreslå ein noggrann analyse her, reknar me med at der i fleire dialektar finst ein sterk tendens til å leggja trykk på fyrstestavinga i prosodiske domene som inneheld meir enn éi trykksterk staving. I andre dialektar held ein seg unna dette, og trykket hamnar i staden på siste trykksterke staving, som i ein frase. I moderne svensk har dette vorte drive so langt at adjektiv i samansetjingar (her: artsnamn) nærast obligatorisk vert realiserte som syntaktisk frittståande modifierar, noko som fører til frasetrykk. Som me påpeikar over, finst der likevel variasjon i fyrstestavingsdialektane: I partikkelverb ser me at partikkelen iblant ber trykk, eller at både partikkel og verb ber trykk; ved adjektivinkorporering ser ein variasjon mellom inkorporering og frasestruktur, og det same gjeld ved samansette artsnamn (t.d. *'gråflugesnappar* – *'grå'flugesopp*). I openbert syntaktisk eller morfologisk samansette kontekstar er det ofte vandt å avgjera om «variasjonen» er regelstyrt, eller om han er meir eller mindre fri: Korrelerer den prosodiske variasjonen med semantisk eller pragmatisk tolking, eller syntaktisk struktur? Når det gjeld partikkelverb, so veit me at fyrstestavingstrykk er mogeleg i fleire ulike syntaktiske og morfologiske kontekstar, som i (5a–d):

- (5) a. Han skal ['skriva ut] to sider. (Verb og Part i VP)  
 b. Han ['skreiv ut] to sider. (Verb i V2-posisjon, Part i VP)  
 c. I går ['skreiv han ut] to sider. (Verb i V2, Part i VP, trykksvakt subjektspronomen imellom)  
 d. I går ['skreiv han dei ut]. (Verb i V2, Part i VP, trykksvake subjekts- og objektspronomen imellom)

Jamvel om samansetjingstrykk er mogeleg når der finst ein viss syntaktisk avstand mellom verb og partikkel (verb i C<sup>0</sup>, partikkel i VP, 5b) og til og med når andre ledd står mellom verb og partikkel (5c–d), so veit me frå korpusstudiar (Tengesdal mfl. 2021) at samansetjingstrykk meir sjeldan vert realisert i kontekstar som (5c–d), enn i (5a). Me finn

likevel ingen skilnad mellom den syntaktiske konteksten i (5b) jamført med (5a) (dvs., ingen effekt av strukturell avstand). Me finn au eit kategorisk fråvære av samansetjingstrykk når ledd med leksikalsk spesifisert trykk står mellom verb og partikkel. Dette gjeld stort sett alle ledd utanom trykksvake pronomen og, i visse dialektar, lette partikkel-liknande adverb (*jo, no*) og enklitisk negasjon (dette gjeld ikkje typisk austnorsk *-kke* (*ha-kke*), men «trøndsk/hedmarks» *itj*), sjå (6).

- (6) a. \*I går ['skreiv Mai ut] to sider.  
 b. \*Mai ['skreiv ikkje ut] to sider.

Samansetjingstrykk forsvinn au når anten verbet eller partikkelen er kontrastiv (*han gjekk 'ut, han kom ikkje 'inn; han 'køyrd inn, han 'flaug ikkje inn*), og au ofte når partikkelen står etter modalverb (*skal 'ut, må 'ut*), men det er noko uklårt om dette har med informasjonsstruktur eller kategori å gjera. Den morfofonologiske forma til verbet synest au å påverka høvet for samansetjingstrykk: Samansetjingstrykk er vanlegare med einstava verb (*gje opp, ta ut*), og underliggjande tostavta verb gjennomgår ofte apokope i samband med samansetjingstrykk (*vaska opp* → *'vask opp*). Me ser au tendensar til at samansetjingstrykk er vanlegare når verb + partikkel har ei høgst leksikaliserert tolking (*skjella ut*) jamført med partiklar med ei rein direksjonell tolking (*køyra ut*), og framfor alt då om den direksjonelle partikkelen er fylgd av ein preposisjonsfrase (*køyra ut til hytta*). Det er ingenting i våre data (Tengesdal mfl. 2021) som tyder på at desse gruppene er kategorisk åtskilde; me finn trass alt ei overvekt av samansetjingstrykk uavhengig av om tolkinga er direksjonell eller ikkje-direksjonell.

Kortfatta ser me i minsto ein streng restriksjon på samansetjingstrykk: eit trykksterkt ledd kan ikkje stå mellom verb og partikkel (6a–b). Andre restriksjonar verkar vera meir probabalistiske, men det er vandt å avgjera om einskilde individ har kategoriske system, med tanke på kor mange faktorar som potensielt påverkar trykkmønsteret. Som me skal få sjå nedan, kan ein i talemålskorpus finna partikkelverb utan samansetjingstrykk i dialektar og kontekstar der ein sterkt ventar seg dette. Føremålet med denne granskinga er å jamføra variasjon i trykkmønster i partikkelverb med eit mindre komplekst fe-

nomen, nemleg trykk på fyrstestavinga i latinske ord (1–3 i tabell 1). Me ventar oss ikkje at syntaktiske og semantiske drag påverkar trykk i same utstrekning her, med di me held oss innom orddomenet. Mogeleg variasjon i trykkmønster i desse falla bør difor skuldast ikkje-strukturelle eller sosiolingvistiske faktorar. Om me går tilbake til hierarkiet i tabell 1, so er det nok openbert visse sosiolingvistiske val av trykkmønster her. Til og med lingvistar uttrykkjer gjerne at der finst noko markert, eller kanskje til og med løye, med å leggja trykk på fyrstestavinga i *banan*. Denne oppfatninga verkar vera mindre sterk for latinske ord, og vantar heilt ved partikkelverb. Men lingvistar i vår nærleik har uttrykt at trykk på fyrstestavinga i partikkelverb er noko som høyrer til ein kvardagsleg samtalekontekst. Kristoffersen (2000, 289) nemner au dette, og syner til Alnæs si skildring (1916, 98) om at fyrstestavingstrykk i partikkelverb raskt fekk fotfeste i austnorsk bymål på 1900-talet. Western (1921, § 454) opplyser vidare at fyrstestavingstrykk rådde i austnorske dialektar, men at mønsteret au vann innpass i den danna daglegtaleten i dåtida.

### 3 Denne granskinga og bakgrunn

#### 3.1 Føremålet med granskinga

Føremålet med denne studien er dels å granska korrelasjon i trykkmønster mellom partikkelverb (5–7 i tabell 1) og latinske ord (1–3 i tabell 1). Det store spørsmålet bak studien er om variasjonen me ser innom ein dialekt med omsyn til partikkeltrykk, kan fangast av eitt sett med strenge reglar (og/eller ‘constraints/vilkår’), eller om reglane til ein viss del er variable. I tidlegare studiar har me funne at der finst sterke preferansar for ulike trykkmønster i ulike dialektområde, men at der framleis finst mykje variasjon. I Tengesdal mfl. (2021) granskar me trykkmønster frå område innom tre fylke (Trøndelag, Buskerud (nord) og Finnmark) i NDK. I Trøndelag finn me ein sterk preferanse for trykk på fyrstestavinga: 223 av 293 (76 %) granska partikkelverb har trykk på fyrstestavinga (‘samansetjingstrykk’). Ein del av falla der samansetjingstrykk vantar, kan forklarast av strenge syntaktiske faktorar: eitt aksentuert ledd, t.d. ein nominalfrase (oftast subjekt)



eller eit setningsadverbial, står mellom verb og partikkel (*då skreiv læraren ut tre sider, læraren skreiv faktisk ut tre sider*, jf. 6a–b), men sjølv når ein ser bort frå desse falla, står framleis ein heil del variasjon att. Ein del av den vidare variasjonen kan forklarast av semantiske eller syntaktiske faktorar. I tabell 2 for Trøndelag gjev me ei førebels oversikt over trykkmønster i tre ulike syntaktiske/semantiske mønster når verb og partikkel står like ved einannan, eller når høgst eitt trykksvakt pronomen står mellom verb og partikkel: (1) metaforisk/ikkje-transparent tolking av verb-partikkel-kombinasjon (*han ga opp*), (2) partikkel med transparent direksjonell tolking (*han gjekk ut*), og (3) partikkel med transparent direksjonell tolking fylgd av ein preposisjonsfrase (*han gjekk ut til hunden*). (Rada «Andre» inneheld fall som av ulike årsaker er vanskelege å klassifisera, t.d. grunna bakgrunnsstøy.)

	<i>Ikkje-trans.</i> N=159	<i>Dir.</i> N=72	<i>Dir. +PP</i> N=20	<i>Andre</i> N=14	<i>Totalt</i> N=265
<i>Samansetjing</i>	91 %	72 %	45 %	57 %	81 %
<i>Partikkel</i>	5 %	11 %	25 %	21 %	9 %
<i>V+partikkel</i>	1 %	7 %	15 %	15 %	4 %
<i>Deaksentuert</i>	2 %	6 %	0 %	0 %	3 %
<i>Andre</i>	1 %	4 %	15 %	7 %	3 %
<i>Totalt</i>	60 %	27 %	8 %	5 %	100 %

Tabell 2: Oversikt over variasjon i trykkmønster i tre ulike syntaktiske/semantiske mønster for Trøndelag, basert på førebelse resultat frå pågåande arbeid (Tengesdal mfl. 2021). (V = verb; Ikkje-trans. = ikkje-transparent; Dir = direksjonell; PP = preposisjonsfrase)

Me ser ein openberr effekt av partikkeltype i resultatata: Samansetjingstrykk er nærast obligatorisk i ikkje-transparente fall (91 %), medan delen samansetjingstrykk søkk i dei fylgjande to kategoriane. Dette er au i tråd med den syntaktiske analysen i Aa (2020). Resultata tyder likevel på at reglane er variable, i minsto på fylkesnivå. I prinsippet kan det syna seg at resultatata er meir kategoriske på individnivå, eller bygdnivå, eller at variasjonen er styrt av finare distinksjonar, men det kan i prinsippet finnast andre faktorar som me ikkje kjenner

til. I denne granskinga jamfører me partikkeltrykk med trykk i latinske ord. Finn me variasjon innom dessa orda, kan me dra slutninga at der ligg variable reglar bakom distribusjonen av dei to formene.

For å granska variasjon i trykkmønster i tid og rom, treng ein ljod-innspelingar frå ulike dialektområde frå ulike tidspunkt, eller frå talarar av ulike aldrar. LIA-korpuset i kombinasjon med NDK (Johannessen mfl. 2009) utgjer altso eit framifrå materiale for ein prosodisk variasjonsstudie, der ein kan fylgja utviklinga i tid og rom. Søkjegrensesnittet legg au godt til rette for å finna høvande døme, og å granska ljodspor akustisk direkte.

### 3.2 Trykkplasseringsutvikling frå gamalnorsk fram til notida

Kristoffersen og Torp (2016, 107–109, 152–157) legg fram den prosodiske utviklinga frå gamalnorsk fram til notida. For urnordisk kan trykktilordninga forklarast med morfologisk forankring, ved at trykk var fast plassert på rotstavinga. Men frå og med gamalnorsk fangar ein opp generaliseringar ved å nytta ei fonologisk forankring, der trykk var fast plassert på fyrstestavinga, uavhengig av morfologisk status. Dei skriv at sume moderne språkhistoriske framstillingar hevdar at det gamalnorske systemet med fyrstestavingstrykk framleis står ved lag (2016, 152). Men ein slik analyse føreset at ein har eit kategorisk skilje mellom arveord og lånord av t.d. ikkje-germansk opphav, der forklaringa på sistestavingstrykk i ord som *karamell* er at trykkplasseringa er innlånt saman med ordet.

For å unngå dette skiljet, gjev dei ein alternativ analyse som tek utgangspunkt i høgre kant av det prosodiske ordet, og at trykket i norske monomorfematiske ord fell på éi av dei tre siste stavingane i ordstammen. På den måten kan ein au fanga opp trykkplasseringa i germanske arveord som <sup>2</sup>*kasta*, som både kan analyserast med trykk på nest siste staving, eller med trykk på fyrste staving. Om ein legg til grunn at sume dialektar kan veksla mellom trykk på sistestaving ([kar.ra.ˈmɛl]) eller på fyrstestaving ([<sup>2</sup>kar.ra.ˌmɛl]), so føreset analysen deira at det er sistestavingstrykket som er det underliggjande. Eit ord med sistestavingstrykk kan ikkje vekslast til fyrstestavingstrykk dersom det har underliggjande tonelag 2 i den aktuelle dialekten (difor kan trykkplasseringa i *karamell* variera, men ikkje i

*metode*), og det føreset oftast tyngd i trykkstavinga. Kristoffersen og Torp (2016, 157) meiner at ein kan generalisera ein heilskapleg trykk-analyse til alle norske dialektar, og skriv at vekslinga me observerer i austlandske dialektar, då kan forklarast med ein ekstra, variabel regel som under visse vilkår legg hovudtrykk og tonelag 2 på fyrstestavinga. Rett nok føreset denne analysen eit brot frå det gamalnorske trykksystemet med initialtrykk, men ved hjelp av vilkåra kan ein vidareføra det gamle systemet indirekte, som elles har gått tapt i norsk. Eit interessant spørsmål som spring ut av vår gransking, er om funna våre stør analysen deira, eller om det framleis er aktuelt å rekna med fyrstestavingstrykk som underliggjande, og leksikalsk spesifiserte unntak i austnorsk og trøndske dialektar.

## 4 Materiale

For å finna ord med potensielt trykksterke avleiingssuffiks i LIA-korpuset og NDK, nytta me dei to CQP-søkjestrengane i (7) i korpusgrensesnittet Glossa (Nøklestad mfl. 2017).

- (7) a. [lemma=".\*itet|. \*ist|. \*ant|. \*ent|. \*eri|. \*isme|. \*ikk|. \*ment|læ-rarinne|venninne" & lemma!=".\*kant|. \*kvist|. \*blikk"%c & ((pos="subst"))]<sup>5</sup>  
 b. [lemma=".\*ere" & lemma!="vere|gjere|skjere|bere|avgjere"%c & ((pos="verb"))]

Søkjestrengen i (7a) finn dei vanlegaste trykksterke nominaliserande suffiksa (*kval-itet*, *but-ikk*, *pros-ent* mfl.), og sorterer bort dei vanlegaste uynskte treffa (t.d. *øye-blikk*, som elles stemmer med det regulære uttrykket «lemma=".\*ikk"»). Søkjestrengen er basert på suffiks som kjem fram av Norsk referansegrammatikk (Faarlund, Lie og Vannebo 1997, 97–112). Den andre søkjestrengen finn alle verb med det trykksterke verbaliseringssuffikset *-era* (*studera*, *interessera*, *dis-*

<sup>5</sup> Søkjestrengen for NDK var litt ulik, m.a. måtte «pos="subst"» endrast til «pos="noun"».

*kutera* osv.). Me får ei høvesvis stor mengd treff frå desse søkjestregane, over 11 000. I tabell 3 gjev me ei oversikt over korleis desse fordelar seg over fylka og dei to korpusa, og innom NDK i dei to ulike aldersgruppene som deltek.

<i>Fylke</i>	<i>NDKu</i> <i>Verb</i>	<i>NDKe</i> <i>Verb</i>	<i>LIA</i> <i>Verb</i>	<i>NDKu</i> <i>Subst.</i>	<i>NDKe</i> <i>Subst.</i>	<i>LIA</i> <i>Subst.</i>	<i>Totalt</i>
<i>Akershus</i>	24	36	30	35	37	38	200
<i>Aust-A.</i>	38	14	128	41	42	205	468
<i>Buskerud</i>	28	30	78	55	70	107	368
<i>Finnmark</i>	48	64	458	96	112	485	1 263
<i>Hedmark</i>	25	34	59	64	87	82	351
<i>Hordal.</i>	36	55	461	73	140	1 106	1 871
<i>M. og R.</i>	65	38	124	128	122	149	626
<i>Nord-T.</i>	31	28	104	53	52	86	354
<i>Nordland</i>	90	82	178	139	133	264	886
<i>Oppland</i>	34	24	102	52	73	82	367
<i>Rogaland</i>	31	38	121	107	81	109	487
<i>S. og F.</i>	69	23	97	53	71	88	401
<i>Sør-T.</i>	49	66	292	100	107	299	913
<i>Telemark</i>	21	61	122	37	27	90	358
<i>Troms</i>	50	75	427	119	105	380	1 156
<i>Vest-A.</i>	24	25	113	45	59	153	419
<i>Vestfold</i>	20	12	5	33	45	2	117
<i>Østfold</i>	17	23	99	46	68	146	399
<i>Totalt</i>	700	728	2 998	1 276	1 431	3 871	11 004

Tabell 3: Alle korpustreff i LIA og NDK frå søkjestregane som elisiterer dei vanlegaste trykksterke nominaliseringssuffiksa og verb med det trykksterke verbaliseringssuffikset *-era*. (NDKu = yngre talarar i NDK; NDKe = eldre talarar i NDK; Subst. = substantiv; Aust-A. = Aust-Agder; Hordal. = Hordaland; M. og R. = Møre og Romsdal; Nord-T. = Nord-Trøndelag; S. og F. = Sogn og Fjordane; Sør-T. = Sør-Trøndelag; Vest-A. = Vest-Agder)

I prinsippet er dette materialet meir enn nok for både ei detaljert synkron og diakron skildring av norske trykkmonster, og materialet er truleg stort nok til å fylla ei heil doktoravhandling. Måla våre i denne artikkelen er mindre, og me kjem berre til å gjeva ei kort skildring av tre fylke: Trøndelag, Hedmark og Finnmark.

Resultata frå dei latinske orda jamfører me med trykkmønster i partikkelverb frå same tre fylke. For å finna partikkelverb, har me nytta same metode som Larsson og Lundquist (2014): Me har søkt på dei fire partiklane *ut*, *inn*, *opp* og *ned*. Me syner m.a. til Aa (2015, 74–75, 2020) for klårgjering av metodiske føremonar. Ved å søkja på desse partiklane, slepp ein unna alle dei irrelevante treffa ein får ved å søkja på transitive preposisjonar (Aa 2020, 44, Larsson og Lundquist 2014, 106), og fordelinga mellom direksjonelle og ikkje-direksjonelle partiklar er ganske jamn (Aa 2020, 48). Før den prosodiske analysen har me annotert den syntaktiske strukturen hjå partikkelverba: Om verb og partikkel står direkte ved sida av einannan, om der finst intervenerande ledd (subjekt, objekt, adverb), og om dei intervenerande ledda er trykksterke (t.d. full NP i staden for trykksvakt pronomen). Me har ekskludert setningar der *ut*, *inn*, *opp* og *ned* ikkje er ein verbpartikkel, men som i staden modifierer eit substantiv eller fungerer som sjølvstendig adverbial, t.d. «*lenger opp gata budde ein mann*», og «*litt lenger ut ligg ei øy*». Me har au ekskludert koordinerande partiklar, av typen «*han sprang opp og ned heile dagen*». I Tengesdal mfl. (2021) gjev me ein meir systematisk analyse av variasjonen i trykkmønster i partikkelverb i Trøndelag, Finnmark og Buskerud. Grunna tids- og plassbrest, gjev me berre ein høgst oversiktleg analyse av partikkelverba i denne artikkelen. Den totale mengda partiklar av typen *ut*, *inn*, *opp* og *ned* i LIA og NDK er fleire tusen berre i dei tre aktuelle fylka. Me fokuserer her i staden på større mønster, men drøftar au variasjon innom individ der me finn det.

Me nytta Glossa i samband med den akustiske analysen. Glossa har innlema ein funksjon som genererer akustiske bylgjeformer og spektrogram som høyrer til korpusegmenta. Grunnfrekvensen ( $f_0$ ) og andre akustiske parameter er au tilgjengelege, slik at det er råd å gjera ein prosodisk analyse. Me har opna dei relevante korpustreffa i Glossa og annotert prosodisk informasjon i alle falla basert på auditorisk analyse, og i tvilsfall i tillegg ved hjelp av visuell analyse av grunnfrekvensen. Både for dei latinske orda og partikkelverb har me annotert kva for staving som er aksentuert, kva for tonelag ho har; og for partikkelverba, kor langt det prosodiske ordet strekk seg (verb, eventuelle trykksvake element, og partikkel; jf. ‘postleksikalsk tone-

lag 2', sjå t.d. Myrberg og Riad 2015, 127–128, Riad 2018, 352–353). Ut ifrå dette har me utleidd stavinga med hovudtrykket frå den samsvarande aksentuerte stavinga i det prosodiske ordet. Det å avgjera trykk og aksent på einskilde ord i spontantale er ikkje alltid lett, og iblant har me vore uvisse, og notert uvisse med spørjeteikn, eller notert ljodklypp som «uklårt». I Finnmark-dialektane som manglar tonelagsopposisjon, er det meir problematisk å kategorisera, difor har me i tillegg notert om partikkelen er uttala med kvantitetsopposisjon i hald eller ikkje, der dette er mogeleg. Sjølv om grensesnittet legg føringar for kor noggrann og viss prosodisk analyse ein kan utføra, meiner me likevel at både LIA og NDK er godt eigna for å granska prosodisk variasjon og endring for vårt føremål.

## 5 Resultat: latinske ord

Ved hjelp av søkjstrengane attgjevne i avsnitt 4, har me elisiter til saman 742 korpustreff frå utvalde område i Finnmark, Hedmark og Trøndelag. Me har ekskludert til saman 88 treff av desse; i dei fleste falla handlar det om samansetjingar som inneheld eit latinsk ord (t.d. *sportsjournalist*, *kvalfabrikk*), og, i mindre grad, fall av di tekstsegmenta i korpuset ikkje passa med ljodfilene. Dei resterande 654 treffa kjem frå til saman 123 ulike talarar, frå 32 ulike opptaksstader. I tabell 4 listar me opp dei ulike stadene, fordelt på korpus og fylke.

<i>Fylke</i>	<i>LIA</i>	<i>NDK</i>
<i>Hedmark</i>	Trysil (39), Åsnes (19), Engerdal (21), Åmot (9), Follidal (7), Nord-Odal (7), Ljørdalen (6), Tolga (8), Drevsjø, Rendal, Sør-Odal, Vang, Vinger	Stange (37), Alvdal (34), Kirkenær (34), Rena (24), Dalsbygda (21), Trysil (20), Drevsjø (18)
<i>Trøndelag</i>	Skogn (40), Verdal (28), Høylandet (10), Harran, Leksvik, Nordli, Otterøy, Overhalla	Bjugn (78), Inderøy (32)
<i>Finnmark</i>	Hammerfest (39), Sørøysund (29), Gamvik (17)	Kjøllefjord (37), Hammerfest (28)

Tabell 4: Oversikt over fylka og stadene korpustreffa skriv seg frå (færre enn fem treff er ikkje spesifiserte i parentesar).

I analysen under kjem me fyrst til å slå i hop data frå LIA og NDK, og deretter sjå nærare på einiskilde område/stader/talarar. I analysen av trykk har me koda trykk på fyrstestavinga som «fyrst», og trykk på avleiingssuffikset som «sist» (dette gjeld au fall der trykket fell på den nest siste stavinga, som i *refer'ere* og *ven'ninna*). Me gjev ei oversikt over resultatata i tabell 5.

'σ	Hedmark	Trøndelag	Finnmark	Totalt
<i>Fyrst</i>	202	159	0	361
<i>Fyrst?</i>	7	4	2	13
<i>Sist</i>	89	17	139	245
<i>Sist?</i>	10	10	3	23
<i>Uklårt</i>	2	4	6	12
<i>Totalt</i>	310	194	150	654

Tabell 5: Oversikt over trykkplassering i dei latinske orda, med data både frå LIA og NDK.

I tabell 5 ser me at det frå Finnmark ikkje finst nokre klåre døme på fyrstestavingstrykk. Me finn au få døme på fyrstestavingstrykk i Trøndelag, medan Hedmark er meir blanda, men med ei klår overvekt av fyrstestavingstrykk. For å få ei betre oversikt tek me i tabell 6 bort dei uklåre falla (medrekna dei som er markerte med spørjeteikn), og deler inn resultatata i substantiv og verb (der 'verb' altso berre er ord som er avleidde med *-era*).

	Hedmark	Trøndelag	Finnmark
<i>Substantiv, fyrst</i>	68 % (N=188)	83 % (N=100)	0 % (N=75)
<i>Verb, fyrst</i>	73 % (N=103)	100 % (N=76)	0 % (N=64)

Tabell 6: Oversikt over fyrstestavingstrykk i latinske substantiv og verb, utan uklåre fall.

Finnmark har som sagt kategorisk trykk på suffikset, men i tabell 6 ser me au at trykket i *-era*-verba i Trøndelag kategorisk hamnar på fyrstestavinga. I Hedmark ser me au ein tendens til meir fyrstestavingstrykk på *-era*-verb enn på substantiv. Skilnaden mellom verb og

substantiv kan skuldast ulike faktorar. Det kan tenkjast at nokre ein-  
kilde ord eller suffiks har bytt status (frå fyrste- til sistestavingstrykk),  
og det er au mogeleg at nokre talarar har skifta trykkmønster generelt  
(og at desse av einkvan grunn ikkje produserte nokre *-era*-verb).

Om me fokuserer på Trøndelag, ser me i (8) at ein stor del av suf-  
fiksa i vår søkjstreng er representerte blant dei 17 falla med sistes-  
tavingstrykk, og at få ordstammar eller *-former* førekjem meir enn  
éin gong (med unntak av *prosent*, som førekjem tre gonger med sis-  
testavingstrykk, og *butikk* er med, både som ubunden eintal og bun-  
den fleirtal).

- (8) **-ist:** *adventistar, artistar, turistar*; **-ikk:** *butikk, butikkane, fab-  
rikker, musikk*; **-itet:** *autoritetane, universitetet*; **-ment:** *depar-  
tementet*; **-ent:** *prosent*; **-ant:** *sersjanten, konfirmantar*; **-inne:**  
*venninne*

Me ser ikkje nokon sterk effekt av korpus, alder eller talarar. Dei  
fleste sistestavingstrykka finst hjå dei talarane som snakkar mykje:  
talaren *bjugn\_15* produserer sistestavingstrykk seks av 35 gonger, og  
*verdal\_ntnu\_0301* produserer sistestavingstrykk tre av 17 gonger.

I Hedmark spelar opptaksstad ei større rolle (det er ikkje løye,  
med tanke på at me ser på data frå eit større område her). På nokre  
stader finn me ei sterk overvekt av sistestavingstrykk: Trysil (35/48),  
Ljørdalen (4/6), og Follidal (7/7). Om me ser bort frå desse tre sta-  
dene, ser me at mønsteret ser ut som i Trøndelag. Samanlagt er 38  
av 230 fall med sistestavingstrykk. Me ser meir viss systematikk her:  
Suffikset *-inne* får alltid trykk (samanlagt 12 fall, sjå Kristoffersen  
og Torp 2016 for diskusjon); stammen *journalist* førekjem berre med  
sistestavingstrykk (fire gonger). (9) gjev alle ordformer som dukkar  
opp med sistestavingstrykk (treff frå Trysil, Ljørdalen og Follidal er  
tekne bort her):

- (9) **-ist:** *bassisten, bilister, journalist, journalistane, journalistar,  
journalister, turister*; **-isme:** *turisme*; **-ikk:** *butikken, musikk, mu-  
sikken*; **-itet:** *aktivitet, aktiviteter, kvalitetet*; **-ment:** *engasje-  
ment*; **-ent:** *prosent*; **-ant:** *elefant*; **-inne:** *lærerinne, venninna,*



*venninne, venninnene, venninner; -era: benifiserte, levere, risikere, separerte*

Der finst tre stader der me berre fann fyrstestavingstrykk: Åmot, Åsnes, og Odal. Fyrstestavingstrykk verkar au å vera stabilt, men til ein viss del variabelt i Alvdal (26/30), Kirkenær (32/34) og Stange (29/34). Større variasjon finst i Dalsbygda, Drevsjø og Rena. Det lyt nemnast at sjølv i Trysil produserer flestalle talarar fyrstestavingstrykk minst éin gong – unnataka er talarar som produserer tre eller færre ord i våre korpustreff.

Me kan also dra slutninga at fyrstestavingstrykk finst hjå alle talarane innom Hedmark og Trøndelag. Det er klårt meir uvanleg i området kring Trysil, og kan henda obligatorisk i områda i Trøndelag. Men der finst inkje i materialet som tyder på at trykk på avleiings-suffikset *ikkje* førekjem i nokre dialektar, i minsto som eit markert alternativ. I dialektområda med trykk på sistestavinga (Nord-Noreg/Finnmark, Vest-Noreg, Sør- og Midt-Sverige), verkar derimot fyrstestavingstrykk i latinske ord å vera heilt fråverande.

## 6 Jamføring med partikkelverbresultat

For dei latinske orda koda me for to ulike trykkmønster: trykk på fyrstestavinga, eller trykk på sistestavinga, der ‘sistestavinga’ heilt enkelt tyder ‘avleiingssuffikset’ (som i visse fall kan omfatta ei trykksterk staving fylgt av ei trykklett staving). For partikkelverb er trykkmønsteret meir samansett, men i (10) er to mønster som direkte samsvarar trykkmønsteret i latinske ord.

- (10) a. Samansetjingsaksent – hovudtrykk på fyrstestavinga (*'gå-ut*)  
 b. Partikkelaksent med deaksentuert verb – hovudtrykk på sistestavinga (*gå 'ut*)

I tillegg til desse mønstera, finn me au fall der både verb og partikkel ber eigne trykk (*'gå 'ut*); dette ser me til vanleg når verb eller partikkel

kel er kontrastive, men der kan vera andre årsaker til dette mønsteret. I tillegg ser det ut til å finnast fall der berre verb ber trykk, og der partikkelen ikkje inngår i same aksenteining som verbet ('gå ut). Nedan går me gjennom utvalde stader frå korpuset, og korrelerer trykk i latinske ord med partikkelverbtrykk.

### 6.1 Trøndelag

Der er fire stader i Trøndelag som har relativt mange fall av partikkelverb og latinske ord. Desse er Bjugn (NDK), Inderøy (NDK), Skogn (LIA) og Verdal (LIA). I tabell 7 jamfører me trykkmønster i båe konstruksjonane. 17 uklåre fall av latinske ord og åtte uklåre fall av partikkelverb er ikkje tekne med i tabellen eller drøftinga.

Stad	Latinske ord			Partikkelverb			
	N	Fyrst	Sist	N	Verb	Part.	Båe
Bjugn	68	90 %	10 %	58	84 %	12 %	3 %
Inderøy	26	100 %	0 %	51	82 %	6 %	12 %
Skogn	39	95 %	5 %	76	84 %	7 %	9 %
Verdal	27	85 %	15 %	54	89 %	4 %	7 %

Tabell 7: Jamføring av trykkplassering i latinske ord og partikkelverb i Trøndelag.

Me ser at trykk på partikkelen er uvanleg, og at samansetjingsaksent heilt klårt er det vanlegaste mønsteret (altså trykk på verbet). Samanlagt ser det likevel ut som der er meir fyrstestavingstrykk i latinske ord enn verbtrykk i partikkelverb. Det lyt nemnast at syntaktiske og leksikalske faktorar iblant styrer trykkmønsteret her. Til dømes finn me ofte partikkeltrykk ved hjelpeverb/modalverb («*jeg må ned på byen*», 4/5 av partikkeltrykka i Skogn). Hovudtrykk på partikkelen i kontekstar der me ventar oss samansetjingsaksent dukkar likevel opp på alle opptaksstader, sjå (11–13).

- (11) han brukte nå å vere med hjelpe meg å **ta opp** potet om haustane han (verdal\_ntnu\_0101)
- (12) det var for # liksom bokmålet var # **sett ned** på [latter] (skogn\_ntnu\_0610)

- (13) og så var det en dag at sauene hadde **brøyta seg ut** # av trøa (ineroey\_04gk)

Trykk på både verb og partikkel ser me oftast når der er eitt eller fleire element som står mellom verb og partikkel. I (14–18) ventar me oss i prinsippet samansetjingsaksent i alle falla utanom (15), men trykk hamnar både på verb og partikkel.

- (14) der **flytta vi inn** i august (ineroey\_03gm)  
 (15) ja det **høres jo litt sånn ut** (bjugn\_23)  
 (16) så **kom han inn** på Sessilvollen da hos tantene mine (verdal\_ntnu\_0101)  
 (17) da blir dei vel e må **trekke ut** av bygda ja (skogn\_ntnu\_0703)  
 (18) dei må **reise ut** ja # for e det er lite av det (skogn\_ntnu\_0705)

Som venta finn me samansetjingsaksent når trykksvake pronomen og til og med kortare adverbial står mellom verb og partikkel, som i (19–22).

- (19) **eter nå opp** alle sånne løker (ineroey\_04gk)  
 (20) så **for vi inn** i Risvika og svømte der (bjugn\_15)  
 (21) så du veit det # kvaa **kokast nå opp** ho òg da i lag med feittet så ho vart nå ikkje hard da ho vart nå mjuk (verdal\_ntnu\_0101)  
 (22) ho **slepper meg inn** ja (skogn\_ntnu\_0804)

Oppsummeringsvis finn me altso trykk på fyrstestavinga i latinske ord i om lag like høg grad som samansetjingstrykk på verb i partikkelverb, når me tek omsyn til at visse leksikalske og syntaktiske faktorar hindrar samansetjingstrykk. Men det er viktig å minnast at dagsens «standardmønster», altso trykk på sistestavinga i latinske ord og på partikkel, au finst i Trøndelag, i underkant av 10 % av falla.

## 6.2 Hedmark

Hedmark er det dialektområdet der me finn mest variasjon når det gjeld trykkmønster i latinske ord, og difor ventar me oss au variasjon i partikkelverb. Variasjonen er i stor grad styrt av stad, og me finn stader der sistestavingstrykk er det dominerande mønsteret (Trysil), og andre stader der fyrstestavingstrykk i varierende styrke dominerer (frå t.d. Kirkenær til Stange). Me fokuserer på opptak frå fem stader i Hedmark: Kirkenær (NDK), Stange (NDK), Engerdal (LIA), Rena (NDK) og Trysil (LIA+NDK). Ti uklåre fall av latinske ord og to uklåre fall av partikkelverb er ikkje tekne med i tabellen eller drøf-tinga.

<i>Stad</i>	<i>Latinske ord</i>			<i>Partikkelverb</i>			
	<i>N</i>	<i>Fyrst</i>	<i>Sist</i>	<i>N</i>	<i>Verb</i>	<i>Part.</i>	<i>Båe</i>
<i>Kirkenær</i>	34	94 %	6 %	47	70 %	11 %	19 %
<i>Stange</i>	34	85 %	15 %	59	73 %	2 %	25 %
<i>Engerdal</i>	21	81 %	19 %	61	57 %	8 %	34 %
<i>Rena</i>	23	65 %	35 %	50	76 %	0 %	24 %
<i>Trysil</i>	53	25 %	75 %	100	33 %	27 %	40 %

Tabell 8: Jamføring av trykkplassering i latinske ord og partikkelverb i Hedmark.

I tabell 8 ser me ein heil del variasjon i trykkmønster. Som venta av resultatata for latinske ord, er det framfor alt Trysil som skyr trykk på verb fylgt av deaksentuert partikkel (samansetjingsaksent). Men me ser at det ikkje absolutt er det typiske partikkeltrykket som tek over etter samansetjingsaksenten. Snarare er det trykk både på verb og på partikkel som vert eit vanlegare mønster. Det er ikkje heilt klårt kva for faktorar som ligg bakom valet av trykkmønster, men me ser ein klår tendens til at «dobbeltrykk» ofte oppstår når verb og partikkel vert åtskilde av eit subjekt eller eit objekt, der desse anten får eigne trykk (NP-ar), eller vert enklitiserte til verb og/eller partikkel (pronomen og lette adverb). Dette skjer til ein viss grad i Trøndelag au, men i monaleg lågare grad. Om me berre fokuserer på fall der grammatikken i prinsippet tillèt samansetjingsaksent med interven-derande ledd (lette subjekts- eller objektspronomen), finn me berre 10–

15 % samansetjingsaksent i Hedmark-materialet. Det kan tenkjast at (delar av) Hedmark har utvikla eit system der der berre finst samansetjingsaksent frå nivå 7 (jf. tabell 1). I Trøndelag finn me 50–60 % samansetjingsaksent i same kontekst. Jamvel om me kan føreslå syntaktiske, morfologiske og kan henda leksikalske klårgjeringar til ein del av mønstera, er det likevel klårt at der finst ein heil del variasjon innom talarar, både for latinske ord og partikkelverb.

### 6.3 Finnmark

Som me såg i avsnitt 5, fann me ingen sikre fall med fyrstestavingstrykk i latinske ord frå (Vest-)Finnmark. Me ventar oss då berre partikkeltrykk i partikkelverb, om der no finst ein korrelasjon med trykk i latinske ord. Men resultatane er meir innvikla enn som so, og me har merka under annoteringsarbeidet med partikkelverba i Finnmark at både trykk og aksentmønster er vanskelege å oppfatta, utan at me au utfører meir noggranne prosodiske granskingar. Dette grunnar seg truleg på at dei aktuelle finnmarksdialektane saknar tonelagsdistinksjon, noko som gjer at den typiske «samansetjingsaksenten», som vert realisert med tonelag 2 i austnorske og trøndske partikkelverb, synest å vanta. Til denne artikkelen har me fått tid til å analysere 58 treff frå LIA-korpuset (Hammerfest, Sørøysund og Gamvik), og i tidlegare arbeid (Tengesdal mfl. 2021) har me analysert 116 treff frå NDK (Hammerfest og Kjøllefjord). Tabell 9 syner førebelse funn av trykkmønster frå LIA- og NDK-materialet. Grunna vantande tonologisk analyse er det uklårt om der er grunnlag for eit kategorisk skilje mellom gruppene ‘samansetjingsaksent’ og ‘verbaksent’. Førebels har me difor kategorisert desse som trykk på ‘verb’. Ni uklåre fall er ikkje tekne med i tabellen.

	<i>N</i>	<i>Verb</i>	<i>Part.</i>	<i>Båe</i>	<i>Deaks.</i>
<i>LIA</i>	54	46 %	46 %	7 %	0 %
<i>NDK</i>	111	40 %	40 %	20 %	1 %

Tabell 9: Førebelse funn med fordeling av trykkmønster i partikkelverb i Finnmark.

Me ser at partikkeltrykk er jamfrekvent med trykk på verbet. For det meste verkar ikkje verb og partikkel å måtta danna éi aksenteining, slik det gjer i store delar av Trøndelag og Hedmark. Ein del fall som ofte er vanskelege å avgjera i vårt materiale, har eit fokusert element rett føre verbet, slik at partikkelverbet har postfokal intonasjon. Likevel kan ein ofte høyra trykk på verbet eller partikkelen. På den måten kan au prosodiske faktorar spela inn på resultata våre. Det manglande venta sterke samsvaret mellom sistestavingstrykk i latinske ord og trykk på partikkel i partikkelverb kan ha fleire årsaker. Ein kan tenkja seg at latinske ord ter seg ganske ulikt jamført med meir ålmenne prosodiske preferansar hjå finnmarkstalarane våre, men dette krev ei meir inngåande gransking av trykksystemet o.l. Om det er slik at talarane i Finnmark vantar tonelagsdistinksjon, er det i utgangspunktet heller ikkje venta at den variable regelen til Kristoffersen og Torp (2016) kjem i bruk, i minsto ikkje utan revisjon av tonelagsutfallet. Det verkar ikkje som verb og partikkel utgjer éi prosodisk eining i Finnmark, slik dei gjer i dei andre områda me har granska.

## 7 Konklusjon

I denne granskinga har me sett eit varierende samsvar mellom trykkplassering i latinske ord og i partikkelverb. Det største samsvaret fann me innom Trøndelag, som hadde om lag like stor mengd trykk på fyrstestavingane på drygt 80 %. Likevel fann me i underkant av 10 % sistestavingstrykk i dei latinske orda og partikkeltrykk. Hedmark hadde meir variasjon, der områda utanom Trysil tedde seg meir som i Trøndelag, med samansetjingstrykk. Trysil hadde aller mest sistestavingstrykk i dei latinske orda og i partikkelverba, men dette var på ingen måte kategorisk. Det er soleis nærliggjande å tenkja at dette kan vera system som er ustabile eller i endring. I Finnmark fann me ikkje samsvaret me hadde venta. Der var berre sistestavingstrykk i dei latinske orda, men partikkelverba hadde mykje meir variabel trykkplassering. Dette kan skuldast mange faktorar, og krev ei meir inngåande gransking. Me mistenkjer at kategorien ‘partikkelverb’

ikkje har ein tilsvarande prosodisk kategori i Finnmark. LIA og NDK utgjer eit godt datamateriale for prosodisk analyse – ein kjem ganske langt med ljdfiler om ein held seg til trykk på stavingsnivået. Søkjegrensensnittet Glossa gjer det au mogeleg å finna relevante treff ganske enkelt, både for latinske ord og partikkelverb.

## Referansar

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø. 2003. Ein vestnorsk intonasjonsfologi. Doktoravhandling, NTNU.
- Alnæs, Ivar. 1916. *Norsk sætningsmelodi*. Kristiania: H. Aschehoug og Co.
- Fretheim, Thorstein. 1969. Norwegian Stress and Quantity Reconsidered. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap XXIII*: 76–96. Attgjeve i *Fonologi/Phonology* (1983), redigert av Ernst Håkon Jahr og Ove Lorentz. Oslo: Novus. 315–334.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jahr, Ernst Håkon. 1990. *Den store dialektboka*. Oslo: Novus Forlag.
- Johannessen, Janne Bondi, Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor Anders Åfarli og Øystein Alexander Vangsnæs. 2009. The Nordic Dialect Corpus – an Advanced Research Tool. I *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009*, redigert av Kristiina Jokinen og Eckhard Bick. NEALT Proceedings Series Volume 4.
- Kristoffersen, Gjert. 2000. *The Phonology of Norwegian*. Oxford: Oxford University Press.
- Kristoffersen, Gjert. 2003. *Norsk prosodi*. Bergen: Universitetet i Bergen. <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/20291>
- Kristoffersen, Gjert og Arne Torp. 2016. Fonologi. I *Norsk språkhistorie I. Mønster*, redigert av Helge Sandøy. Oslo: Novus. 101–211.
- Larsson, Ida og Björn Lundquist. 2014. Objektsplacering vid partikkelverb i norska dialekter och äldre svenska. I *Språk i Norge og*

*nabolanda. Ny forskning om talespråk*, redigert av Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen. Oslo: Novus. 99–132.

- Myrberg, Sara og Tomas Riad. 2015. The prosodic hierarchy of Swedish. *Nordic Journal of Linguistics* 38-2, 115–147. <https://doi.org/10.1017/S0332586515000177>
- Nøklestad, Anders, Kristin Hagen, Janne Bondi Johannessen, Michał Kosek og Joel Priestley. 2017. A modernised version of the Glossa corpus search system. I *Proceedings of the 21st Nordic Conference on Computational Linguistics (NoDaLiDa)*, redigert av Jörg Tiedemann. 251–254.
- Regjeringen.no. 2019, 19. desember. Nye fylker. <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regionreform/regionreform/nye-fylker/id2548426/>
- Riad, Tomas. 2018. The phonological typology of North Germanic accent. I *Phonological Typology*, redigert av Larry M. Hyman og Frans Plank. 341–388. Berlin, Boston: De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/9783110451931-010>
- Sandøy, Helge. 1976. Laust samansette verb i vestnordisk: Ein samanliknande leddstillingsanalyse for islandsk, færøysk og romsdalsmål. Magisteravhandling, UiO.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Skaalbones, Lena Kildal. 2006. Henger de på? Prososyntaktiske trekk ved verbpartikler i en nordnorsk høytone-dialekt. Masteroppgåve, NTNU.
- Tengesdal, Eirik, Ida Larsson og Björn Lundquist. Prosody and word order in Norwegian particle constructions. Upublisert manuskript, sist endra 20. januar 2021. Word-fil.
- Tooley, Kristen M., Agnieszka E. Konopka og Duane G. Watson. 2018. Assessing priming for prosodic representations: Speaking rate, intonational phrase boundaries, and pitch accenting. *Memory & Cognition* 46, 625–641. <https://doi.org/10.3758/s13421-018-0789-5>
- Torp, Arne. 1997. Lågtone – jamvekt – trykkforskyving. I *Nordiska dialektstudier. Föredrag vid Femte nordiska dialektologkonferensen Sigtuna 17–21 augusti 1994*, redigert av Maj Reinhammar. Uppsala: Språk- och folkminneinstitutet. 293–304.



Western, August. 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk for studerende og lærere*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

Aa, Leiv Inge. 2015. *The Grammar of Verb-Particle Constructions in Spoken Norwegian*. Doktoravhandling, NTNU.

Aa, Leiv Inge. 2020. *Norwegian Verb Particles*. Amsterdam: John Benjamins.

## Korpus

LIA norsk – korpus av eldre dialektopptak:

<https://tekstlab.uio.no/LIA/korpus.html>

Nordisk dialektkorpus/Nordic Dialect Corpus:

<http://www.tekstlab.uio.no/scandiasyn>

## English summary

This paper examines the relationship between stress placement in Latin–Greek loanwords (like *butikk* ‘store’) and Norwegian particle verbs (like *gå ut* ‘go out’), where the stress placement variably falls on the initial or ultimate syllable. Because particle verbs vary in part due to language-internal structural factors, we assume that these factors have less impact on stress placement in the loanwords. By examining non-syntactic variation in loanwords, we hope to understand stress placement variation in particle verbs better. Using the LIA and NDC speech corpora, we examined participants from the Norwegian counties Trøndelag, Hedmark, and Finnmark. None of the dialects had categorical stress placement. Trøndelag speakers most frequently produced initial stress both on the loanwords and particle verbs. Hedmark displayed a more variable distribution, still with predominantly initial stress. Finnmark had invariable ultimate stress on the loanwords, but the stress placement on verb and on particle seemed to vary quite equally. Initial stress in particle verbs, i.e. on the verb, was the preferred pattern for all areas except Finnmark. LIA and NDC are suitable for prosodic research.

Eirik Tengesdal  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
Universitetet i Oslo  
eirik.tengesdal@iln.uio.no

Björn Lundquist  
Institutt for språk og kultur  
UiT Norges arktiske universitet  
bjorn.lundquist@uit.no